



# DELEGERINGSREGLEMENT SKJÅK KOMMUNE

MARS 2021



## Innhald

<b>Politiske organ pr. mars 2021</b> .....	2
Innleiing.....	3
Målsetting.....	3
Fellesreglar .....	3
Kommunestyre (KST).....	3
Kommunestyret sine oppgåver .....	4
Delegering .....	4
Saker som skal avgjerast av Skjåk kommunestyre: .....	4
Formannskap .....	5
Formannskapet sine oppgåver .....	5
Ordførar.....	6
Politiske underutval.....	7
Hovudutval for helse, omsorg, oppvekst og kultur (HOOK).....	7
HOOK sine oppgåver .....	8
Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling (HMSU).....	8
HMSU sine oppgåver.....	9
Utval for vilt og fisk.....	9
Kontrollutvalet.....	10
Valnemnd .....	10
Administrasjonsutvalet.....	10
Arbeidsmiljøutvalet .....	11
Brukarråd.....	11
Eldreråd .....	11
Ungdomsråd .....	11
Lom og Skjåk brannstyre .....	12
Kommunedirektøren .....	12
Kommunedirektøren sine oppgåver .....	12
Mynde etter særlover .....	13

## Politiske organ pr. mars 2021

Lovpålagt:

Organ	Tal på medlemmar
Kommunestyret	17
Formannskapet	5
Ordfører og varaordfører	
Administrasjonsutval	5
Kontrollutval	5
Valstyre	5
Eldreråd	5
Brukarråd	5
Skjønnsutval	3
Taktsutval for eigedomsskatt	3
Overtakstnemnd for eigedomsskatt	6
Klagenemnd	5
Ungdomsråd	6
Forliksråd (interkommunalt)	1

Ikkje lovpålagt :

Organ	Tal på medlemmar
Planutval	5
Hovudutval for miljø og samfunnsutvikling	5
Hovudutval for helse, oppvekst, omsorg og kultur	5
Utval for vilt og fisk	5
Trafikksikringsutval	5

## Innleiing

Reglementet inneheld reglar for delegering, omtale av ansvaret til kommunestyret og delegering frå kommunestyret til politiske utval.

Heimel for reglementet er lov 2018 06, lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) Formålet i denne lova er:

*Formålet med loven er å fremme det kommunale og fylkeskommunale selvstyret og legge nødvendige rammer for det. Loven skal legge til rette for det lokale folkestyret og et sterkt og representativt lokaldemokrati med aktiv innbyggerdeltakelse.*

*Loven skal legge til rette for at kommuner og fylkeskommuner kan yte tjenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggerne. Loven skal også legge til rette for kommunenes og fylkeskommunenes utøvelse av offentlig myndighet. Videre skal loven bidra til at kommuner og fylkeskommuner er effektive, tillitskapende og bærekraftige.*

Vedtak i kommunestyremøte 31.10.19 om val til politiske organ i Skjåk kommune.

Vedtaksorgan: Skjåk kommunestyre

## Målsetting

Skjåk kommune sitt reglement for delegering skal sikre ei klar ansvars- og myndedeling mellom dei politiske organ i kommunen og mellom kommunestyret og administrativ leiing ved kommunedirektøren.

## Fellesreglar

Delegering er her overføring av mynde til å fatte vedtak eller avgjerder frå kommunestyret til andre oppnemnde politiske organ eller til kommunedirektøren.

Reglar for delegering er lov, forskrift, overordna planar m.v.

Når ikkje anna er vedteke, kan kommunedirektøren delegere mynde vidare (subdelegere) til andre i kommunen, i praksis leiarar av ansvarsiningane/tenesteområda.

Klage på enkeltvedtak som er fatta av administrasjonen eller i dei politiske utvala, skal handsamast av det organet som fatta vedtaket først, og om vedtaket blir stetta går klagen til klageinstansen.

## Kommunestyre (KST)

Kommunestyret er det øvste ansvarlege organet i kommunen, og har vedtaksrett og plikt i alle saker som ikkje er uttrykkeleg delegert til andre politiske organ eller kommunedirektøren.

Kommunestyret sine plikter og oppgaver er regulert i KommuneLOVA andre del, kap.5-11.

### Kommunestyret sine oppgaver

Kommunestyret vedtek budsjett, planar og andre saker som etter lovverket eller egne vedtak skal behandlast i kommunestyret. Vidare vedtek kommunestyret saker som er av politisk eller prinsipiell karakter.

Faste utval etter kommunelova kan bli gjevne mynde til å fatte vedtak i enkeltsaker som etter lovverket ikkje eksplisitt er lagt til kommunestyret eller som er delegerte til kommunedirektøren. Formannskapet er eit slikt fast utval.

### Delegering

Delegering er å overføre vedtaksmynde til eit underliggende organ. Organet som delegerer mynda nedover har vedtakskompetanse, og kan:

- tilbakekalle delegeringsfullmakta - generelt eller i den enkelte sak
- gje instruks om korleis den tildelte avgjerdslemynda skal utøvast- generelt eller i den enkelte sak
- gjere om vedtak som er gjort gjennom delegering, så langt ikkje private interesse er til hinder for dette, jf forvaltningslova §5.

All delegering av mynde til administrasjonen skjer til kommunedirektøren. Denne har rett til å delegere vidare til sine underordna, dersom anna ikkje er uttrykkeleg vedteke.

Kommunestyret sjølv kan delegerare vidare i enkeltsaker utover det som er nedfelt i reglementet.

Når kommunedirektøren sjølv er inhabil i ei sak der mynde er delegert til vedkommande, blir vedtaket fatta av ordføraren, med mindre anna blir særskilt bestemt av kommunestyret. Også i andre saker der kommunedirektøren er inhabil, trer ordføraren inn i staden med tilsvarende fullmakter, med mindre lov eller særskilt vedtak seier noko anna.

Delegert mynde kan når som helst trekkast attende og delegerande organ kan sjølv fatte vedtak i saka. Delegerande organ kan overprøve og gjere om underordna organ sitt vedtak innafor ramma av forvaltningslova § 35.

### Saker som skal avgjerast av Skjåk kommunestyre:

- Kommunens politiske organisering og reglement for politiske organ.
- Saker om folkevalde sine arbeidsvilkår, m.a. godtgjersle for politiske verv.
- Oppnemning av hovudutval, val av leiar og nestleiar for utvalet
- Reglement for delegering.
- Vedtekter, forskrifter og overordna retningsliner.
- Kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan, økonomiplan, årsbudsjett, rekneskap, årsmelding, sektorplanar etter aktuelle særlover som ikkje er delegert til

underliggende organ og andre sentrale planar som har verknad på kommunen si verksemd.

- Saker om kjøp, sal eller makeskifte av fast eigedom. Sal og kjøp av eigedom til fastsett pris blir gjennomført av ordførar. Formannskapet godkjenner kjøp og sal av eigedom i samband med bodrundar.
- Saker om viktige element i budsjett og økonomiplan, som fastsetjing av avgifter og prinsipp for fastsetjing av leigesatsar, eigenandelar, brukarbetaling, gebyr m.m. som ikkje følgjer av lov eller forskrift, eller er delegert til andre folkevalde organ. Saker om revisjonsordning og val av kontrollutval.
- Saker om å ta opp lån.
- Tilsetjing av kommunedirektør.
- Saker om val.
- Andre saker der særlovgeving viser til at vedtaket skal fattast av kommunestyret sjølv.
- Løyving frå næringsfondet over 250 000 kroner

## Formannsskap

Formannskapsfunksjonen er regulert i kommunelova § 5-6., §14-3.

Formannskapet har delegert vedtaksmynde i saker der det er heimla for delegering, og der kommunestyret har gjeve slik delegering. Formannskapet har delegert vedtaksmynde der avgjerdslemynda ikkje er vidaredelegert til underordna politisk organ eller kommunedirektør.

## Formannskapet sine oppgåver

- Formannskapet er finansutval. Det førebur budsjett og kjem med innstilling til kommunestyret om dei årlege budsjetta med revisjonar gjennom året. Det same gjeld årsrekneskapen og disponering av ev. overskot.
- Formannskapet er kommunens planutval. Det førebur planprosessen for kommuneplan, samfunns- og arealdel, og formannskapet har mynde til å sende planar ut på høyring.
- Underordna planar for enkeltsektorar blir behandla i dei respektive underutvala.
- Formannskapet er vedtaksorgan for hovudtariffavtalen (uravstemming) og andre sentrale avtalar som treng politiske vedtak, og der ansvaret ikkje er overført andre delar av organisasjonen.
- Formannskapet har avgjerdsmynde i saker om kommunale eigedommar. Ved ev. kjøp eller sal av eigedommar har formannskapet innstillingsmynde til kommunestyret.
- Formannskapet har mynde til å treffe vedtak i hastesaker innafor eige saksområde, som elles skulle vore behandla i kommunestyret.
- Formannskapet har delegert mynde til å utøve arbeidsgjevaransvaret for kommunedirektøren.
- Formannskapet kan treffe vedtak/ta avgjørelse i sivile tvistesaker og straffesaker.
- Vedta administrativt organisasjonskart.

- Formannskapet har delegert vedtaksmynde i næringsfondssaker der løyvingsnivået er frå 101 000 -250 000 kroner.
- Fastset løn til kommunedirektøren
- Er valstyre
- Formannskapet godkjenner kjøp og sal av eigedom i samband med bodrundar.

Ordførar, varaordførar og opposisjonsleiar gjennomfører utviklingssamtaler og lønssamtaler med kommunedirektøren.

## Ordførar

Ordføraren sin funksjon er regulert i kommunelova § 6-1 og § 6-2. Her heiter det:

"Ordføraren i kommunen er møteleder i kommunestyret og formannskapet. Ordføraren i fylkeskommunen er møteleder i fylkestinget og fylkesutvalet.

Ordføreren er rettsleg representant for kommunen eller fylkeskommunen og underskriver på kommunens eller fylkeskommunens vegne om ikkje mynde er tildelt andre.

Ordføreren har møte-, tale- og forslagsrett i alle kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer unntatt kommune- og fylkesråd og organer under dem. I kontrollutvalget har ordføreren likevel bare møte- og talerett. Ordføreren har bare stemmerett i organer der han eller hun er valgt medlem. Ordføreren kan la et annet medlem av kommunestyret eller fylkestinget representere seg i de organene som han eller hun ikke er medlem av.

Kommunestyret og fylkestinget kan selv gi ordføreren myndighet til å

- a) treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning
- b) treffe vedtak i hastesaker etter § 11-8 første ledd
- c) opprette utvalg som skal forberede saker som ikke har prinsipiell betydning.

Formannskapet og fylkesutvalet kan sjølv gi ordføreren mynde til å treffe vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning, om ikkje kommunestyret eller fylkestinget sjølv har bestemt noko anna.

Ordføreren skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om korleis det delegerte mynde er nytta."

Ordføreren er altså kommunen sin rettslege representant og skriv under på kommunen sine vegne i alle tilfelle der mynde ikkje er tildelt andre politiske organ.

Ordføreren er Skjåk kommune sin representant i generalforsamlingar, årsmøte og liknande der kommunen skal vera representert, og der det ikkje særskilt er oppnemnt andre. Ordførar kan gje andre mynde til å delta i tilfelle vedkommande sjølv ikkje har høve til å delta eller der faglege omsyn tilseier det.

Ordføreren avgjer om ei sak er av prinsipiell betydning i samråd med kommunedirektøren dersom det ikkje klårt går fram av delegeringsreglementet eller den aktuelle lovas ordlyd. Saka kan takast opp til vurdering i formannskapet, og om nødvendig til kommunestyret

I medhald av Forskrift om kommunale vigsler av 18. september 2017 har ordførar og varaordførar mynde som vigsjar frå 1.1.2018. (Jf. vedtak i sak 68/17 26.10.2017 i Skjåk kommunestyre).

Ordføreren leier kommunen sitt beredskapsråd, er kommunen sitt ”ansikt utad” og har konkrete oppgåver knytt til mediehandtering/ekstern informasjon i krisesituasjonar. Ordføreren kan, som rådet sin leiar, invitere andre samarbeidspartnarar ved behov og informere kommunestyret når det er behov for å endre samansetninga.

Sal og kjøp av eigedom til fastsett pris blir gjennomført av ordførar

## Politiske underutval

Politiske underutval er ikkje klårt definert i kommunelova eller ulike særlover. Det er opp til kommunestyret etter kvart kommuneval å opprette underutval, såkalla hovudutval, oftast knytt til ulike sektorar.

I Skjåk er det to faglege hovudutval:

Hovudutval for helse, omsorg, oppvekst og kultur (HOOK), og hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling (HMSU).

## Hovudutval for helse, omsorg, oppvekst og kultur (HOOK)

HOOK er eit politisk hovudutval for saker som høyrer til helse-, omsorg-velferdstenester, oppvekst og utdanning, kultur m.m. Kommuneleva § 5.1-7

Utvalet har delegert avgjerdsmynde i saker innanfor sektorområda helse, omsorg, oppvekst og kultur. Dette er eit området som i stor grad er regulert av sektorane sine særlover, der tilsette og sektorleiarar sjølve har vedtaksmynde (jf. sjukepleie, dagleg undervisning i skulen, osv.)

Mynde som er lagt til kommunen etter lovar nemnt under, blir delegert til hovudutvalet for helse, omsorg, oppvekst og kultur i den grad mynde ikkje ligg til *kommunestyret* eller er delegert til kommunedirektøren:

- Opplæringslova (inkl. kulturskule)
- Barnehagelova
- Privatskolelova
- Introduksjonslova
- Helse- og omsorgstjenestelova
- Lov om helsepersonell
- Helseregisterlova
- Pasient- og brukerreteighetslova
- Pasientskadelova
- Krisesenterlova



- Barnevernlova
- Folkebiblioteklova

I overordna og meir prinsipielle spørsmål som overordna planar, lokalisering av tenester, skal utvalet kome med innstilling/uttale til overordna organ som formannskap og kommunestyre.

I kultursaker har utvalet vedtaksmynde i enkeltsaker, t.d ved fordeling og tildeling av kulturmidlar.

### HOOK sine oppgåver

- HOOK innstiller til formannskapet i saker av prinsipiell karakter innan saksfeltet
- HOOK tildeler kulturmidlar etter innstilling frå kommunedirektøren
- Utvalet kan be administrasjonen leggje fram status for tenestene i samband med tertial- og halvårsrapportar
- Utvalet skal ha til drøfting saker av prinsipiell art innan helse-, omsorg- oppvekst- og kultursektoren. Endring av struktur i tenestene skal handsamast i utvalet, som avgir innstilling til formannskap og kommunestyre.
- Utvalet kan opprette eit arbeidsutval med medlemmer som er valt blant medlemmene av utvalet, jf. kommunelova § 5-7.
- Det skal orienterast i utvalet frå dei ulike avdelingane. Dette blir utført etter oppsett årshjul. Utvalsleiar og settkommunedirektøren skal avklare om utvalet skal besøke dei ulike avdelingane.

### Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling (HMSU)

Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling er regulert i kommunelova §§5.1-11 og skal behandle saker innan området natur, kulturminne, miljø, næring (inkl landbruk), kraftforvaltning, tekniske tenester, osv.

- Mynde som er lagt til kommunen etter lovar nemnt under, blir delegert til HMSU i den grad mynde ikkje ligg til *kommunestyret sjølv* eller er delegert til kommunedirektør:
- Forureiningslova
- Motorferdselslova
- Matrikkellova
- Veglova
- Husleielova
- Vass- og avløpsanleggslova
- Skogbrukslova
- Konesjonslova
- Odelslova
- Jordlova
- Miljøinformasjonslova

- Friluftslova
- Vannressurslova
- Naturmangfaldlova
- Hundelova

### HMSU sine oppgåver

- Utvalet har ansvar for kommunen sine oppgåver knytt til samfunnsutvikling, arealutvikling, samferdsel, næring.
- Reiseliv, landbruk, miljø, teknisk og andre fagområde som naturleg høyrer inn under samfunnsutvalet.
- Utvalet har også eit betydeleg ansvar for innhaldet i kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel, og innstiller i desse sakene til formannskapet som er planutval.
- Utvalet skal gje innstilling til kommunestyret i saker innanfor hovudutvalet sitt saksområde.
- Utvalet er underinstans ved vurdering av klager innanfor utvalet sitt saksområde og der vedtak er fatta av kommunedirektøren etter delegert mynde.
- Utvalet skal vedta mindre reguleringsplanar (§ 12-12, andre ledd), og mindre endringar (§ 12-14, andre ledd).
- Utvalet skal fatte vedtak i saker etter kommunalt næringsfond inntil 100 000 kroner. I saker der summen er høgare har utvalet rett til å innstille til høgare organ (formannskap og kommunestyre).
- Utvalet skal treffe vedtak i enkeltsaker om ferdsel i utmark.
- Utvalet er skiltnemnd.
- Utvalet oppnemner medlemmar i Trafikktryggleiksutvalet.
- Utvalet oppnemner medlemmar i utval for vilt og fisk.
- Utvalet har klagemynde i byggjesaker.
- Utvalet kan opprette eit arbeidsutval med medlemmer som er valt blant medlemmene av utvalet, jf. kommunelova § 5-7. Utvalet gjer vedtak i saker etter konsesjons- og jordlov.

### Utval for vilt og fisk

Utval for vilt og fisk er oppretta i medhald av § 5-7 i kommunelova, og har ansvaret for å ivareta kommunen sine oppgåver som forvaltningsorgan etter Lov om jakt og fangst av vilt (viltlova) med forskrifter, og etter Lov om laksefiske og innlandsfiske med forskrifter.

- Utvalet har mynde etter desse særlovene:
- Naturmangfaldlova
- Viltlova
- Lakse- og innlandsfiskelova

## Kontrollutvalet

Kontrollutvalet er kommunens overordna kontrollorgan, og er regulert i kommunelova kapittel 22 og 23.

Kommunestyret vel sjølve kontrollutval. Kontrollutvalet skal føre løpande kontroll på vegne av kommunestyret.

Kommunestyret vel medlemmar og varamedlemmar til utvalet. Kommunestyret peikar også ut leiar og nestleiar.

Leiar kan ikkje tilhøyre same parti eller gruppe som ordføraren. Utvalet skal ha minst fem medlemmar. Minst eitt medlem skal veljast blant kommunestyret sine medlemmar.

Dei som **ikkje** kan veljast er

- a) ordførar og varaordførar
- b) medlemmar og varamedlemmar i formannskapet
- c) medlemmar og varamedlemmar i folkevald organ med vedtaksmynde. Vanlege medlemmar og varamedlemmer i kommunestyret er valbare.
- d) tilsette i kommunen
- e) personar som med leiande stilling eller medlemskap i styret i verksemdar som kommunen eig eller har eigarinteresser i
- f) personar som har en leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgåvefelleskap.

Kommunestyret kan når som helst velje medlemmar til utvalet på nytt. Om eitt eller fleire medlemmer av utvalet skal skiftast ut, skal alle medlemmane bli vald på nytt.

## Valnemnd

Valnemnda er oppretta av kommunestyret som saksførebuande organ i medhald av § 5-9 i kommunelova. Nemnda skal bestå av gruppeleiarane frå kvart av partia i kommunestyret. Nemnda skal fremme forslag overfor kommunestyret til samansetning av kommunale utval og kommunen sine representantar til eksterne organ. Formannskapet vel leiar og nestleiar med vara. Administrasjonen er sekretariat.

## Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet er oppretta i medhald av § 5-11 i kommunelova. Innanfor sitt ansvarsområde gir administrasjonsutvalet innstilling overfor kommunestyret.

Administrasjonsutvalet er partssamansett utval for Skjåk kommune etter § 5-11 i kommunelova. Utvalet behandlar saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Administrasjonsutvalet ivaretek kommunen sine oppgåver og interesser knytt til følgande lovar og avtaleverk:

- Kommunelovas § 5-11
- Likestillingslova
- Arbeidsmiljølova
- Ferielova
- Opplæringslova (vedr. tilsettingar m.v.)
- Lov om retten til oppfinningar som er gjort av arbeidstakarar
- Arbeidstvistlova

## Arbeidsmiljøutvalet

Oppretting av arbeidsmiljøutvalet er gjort etter § 7-1 i arbeidsmiljølova.

Oppgåver som er lagt til utvalet følgjer av § 7-2 i arbeidsmiljølova.

Arbeidsgivar, arbeidstakar og bedriftshelsetenesta skal vera representert i utvalet.

## Brukarråd

Råd heimla i Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet ha til handsaming alle saker som gjeld levkår for personar med funksjonsnedsetting i kommunen. Rådet har uttalerett i desse sakene. Rådet kan på eige initiativ ta opp saker som gjeld levkår og funksjonshindre for personar med funksjonsnedsetting.

## Eldreråd

Rådgevande organ heimla i Eldrerådslova. Eldrerådet er et rådgevande organ som skal ha til behandling alle saker som gjeld levkår for eldre i kommunen. Rådet er sett saman av pensjonistorganisasjonane i kommunen og med to medlemmar vald av kommunestyret. 2 av representantane skal vere over 60 år.

## Ungdomsråd

Ungdomsrådet skal vere talerøret til ungdomane overfor politikarar og beslutningstakere, og skal ha ei rådgevande rolle for kommunen og fylkeskommunen.

Rådet skal representere interessene til ungdommen i kommunen eller fylket og har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld ungdom. Ungdomsråd kan også ta opp egne saker.

Medlemmene i rådet blir valde for inntil to år om gongen

Ungdomsrådet skal gi råd til kommunen slik at kommunestyret har eit betre grunnlag for avgjerslene sine, ifølgje kommunelova.

Rådet har rett til å kome med synet sitt på ei sak, det er ikkje ei plikt. Det er opp til rådet å vurdere om det skal gi ei fråsegn. Rådet kan dermed avgjere kva saker dei vel å kome med innspel til.

Ungdomsrådsmedlemmane er folkevalde, det vil seie at dei er valde for å representere ungdom i Skjåk. Ungdomsrådet skal representere og uttaler seg vegner av alle ungdomar. Ungdomsrådet bør derfor sørgje for å ha god kontakt med ulike grupper av ungdom, og skape møteplassar der ungdomsråd kan få innspel frå ungdomane dei representerer.

## Lom og Skjåk brannstyre

Kommunestyret delegerer mynde etter lov om brann- og eksplosjonvern med forskrifter til Lom og Skjåk brannstyre (forskrift om organisering av brannvesen § 2-2). Medlem i brannstyret er ordførarar, kommunedirektør/administrasjonssjef, brannsjef og tilsette sin representant. Brannstyret er klageorgan for saker som høyrer til lov om brann- og eksplosjonvern med forskrifter.

## Kommunedirektøren

Kommunedirektøren sitt ansvarsområde, mynde og oppgåver går fram av § 13-1 i kommunelova. Med mindre kommunestyret eller lov og forskrift har bestemt noko anna, gjev kommunestyre kommunedirektøren mynde til å treffe vedtak i alle enkeltsaker og type saker som denne vurderer til ikkje å vere av prinsipiell betyding.

Etter kommunelova har kommunedirektøren mynde i alle løpande personalsaker. Kommunedirektøren er gjeve mynde til å organisere den administrative verksemda. All delegering til administrasjonen skjer til kommunedirektøren.

## Kommunedirektøren sine oppgåver

Kommunedirektøren sitt ansvar og oppgåver er regulert i kommunelova kap.13. Kommunedirektøren har også det overordna ansvaret for verksemda i kommunen slik denne er regulert i dei sektorvise særlovene om ikkje anna uttrykkeleg er sagt.

Kommunedirektøren skal

- leie administrasjonen sitt arbeid med å førebu saker for folkevalde organ, og sjå til at desse er forsvarleg utgreidde. Utgreiinga skal gje eit faktisk og rettsleg grunnlag for å gjere vedtak.
- setje i verk dei vedtaka som blir gjort i folkevalde organ
- tilsette og utvikle kommunen sine tilsette innanfor ein fleksibel og effektiv organisasjon i tråd med allment god praksis
- sørge for god forvaltning og effektiv bruk av kommunen sine økonomiske ressursar, herunder etablere rutinar for effektiv internkontroll
- vidareutvikle, kvalitetssikre og gjennom innstillingar til politiske organ foreslå tilpassingar av kommunen sine tenester til dei behov innbyggerane har

- leie det administrative strategiske plan- og utviklingsarbeidet i kommunen
- møte utvida leiargruppe etter fast oppsett plan
- orientere og drøfte med hovudutvala og formannskapet ved planar om vesentlege strukturendringar
- syte for naudsynt informasjon om endringar av stillingsheimlar

Kommunedirektøren er delegert mynde i alle saker som ikkje har prinsipiell karakter, jfr. § 13-1, 6 ledd i kommunelova, dersom ikkje mynde ved lov eller reglement er lagt til anna organ. Ved tvil om ei sak er av prinsipiell betyding eller ikkje, eller dersom det er tvil om korleis ei sak av prinsipiell betyding skal behandlast i det politiske system, har ordførar, kommunedirektør og ein politikar som representerer opposisjonen ansvaret for å avklare dette. Ved usemje mellom desse har ordførar mynde til å avgjere saka.

Kommunedirektøren legg fram innstilling i alle saker til kommunale utval og til kommunestyret med unntak av kontrollutvalet. Saker om val av medlemmar til folkevalde organ/ombod blir førebudd av kommunedirektøren, som normalt ikkje legg fram innstilling til personval.

Kommunedirektøren kan delegere vidare til andre i administrasjonen med mindre anna går fram av lov eller vedtak i kommunale organ.

Kommunedirektøren har vidare

- delegert mynde til tilvising av alle utgifter til kommunen. Mynda til kommunalsjefen i økonomisaker skal vera vedteke gjennom kommunen sitt økonomireglement.
- I krisesituasjonar i fredstid har kommunedirektøren, eller den som ivaretek kommunedirektøren si mynde ved fråvær, mynde til å disponere midlar frå kommunen sitt budsjett, omdisponere personell m.m. etter retningsliner som er gitt i plan for kommunal kriseleiing.

## Mynde etter særlover

Kommunen har ansvar for å etterleve eit stort tal særlover som regulerer den daglege verksemda i kommunen. Delegering av ansvaret for etterleving av desse lovene finn ein i systemet KF delegering.